



Tilleggsinnkalling
av
Næringsfondsstyret

Møtedato: 07.06.2022

Møtestad:

Møtetid: 10:00 - 10:30

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærmere avtale.

Sakliste

Sak nr.

009/2022

Sakstittel

Næringsfondet - Søknad om tilskot til utvikling og utvidelse av Mofjord maskin AS

3. juni 2022

Kjetil Eikefet
møteleiar

Jo Bjarte Tømmerbakke
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FE-223, FA-U01	22/129

Næringsfondet - Søknad om tilskot til utvikling og utvidelse av Mofjord maskin AS

Forslag til vedtak:

Næringsfondstyret i Modalen løyver kr 317 000,- i tilskot til Mofjord maskin AS til utvikling og utvidelse. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Følgande vilkår gjeld for utbetaling:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av dokumenterte kostnadar.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år fra vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som har gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i Vedtekter for næringsfondet (KS-sak 045/2017).

Saksopplysningar:

Mofjord Maskin AS søker næringsfondet om tilskot til å kunne utvikle selskapet og auke kompetanse. Det vert søkt om 50 % av totale kostnader på kr. 904 100,- for kurs/kompetanseheving og utstyr.

Bakgrunn

Søkjar viser til auka aktivitet/oppdragsmengde som medfører behov for utviding av selskapet med utstyr og kompetanse. Dette inkluderer relevant kurs og sertifikat til nytilsett i 100 % stilling, samt diverse utstyr og maskinar. Firmaet starta opp hausten 2018 med 2 tilsette, og har etter dette tilsett fleire ringevikarar og ein i fast stilling. Firmaet nyttar elles lokale bedrifter i prosjekta sine, som t.d. TestLab og Roma Bygg.

Vurdering

Strategisk næringsplan for Modalen kommune vektlegg innanfor fokusområdet Naturressursar mål om at Modalen kommune skal utvikle berekraftige næringar basert på lokale naturressursar. Søkjar er ein aktiv næringsaktør som tek oppdrag som bidrar til å halde vedlike vegetasjon og uteareal i Modalen.

Sentrale kriteria i vurderinga av stønad er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemder. Her vert det vurdert om tilskot kvalifiserer innanfor lågare grad (inntil 20 % stønad), middels grad (inntil 35 % stønad) eller høg grad (inntil 50 % stønad). Tiltaka som det søkjast tilskot til, har eit umiddelbart potensiale til at det sikrar ein arbeidsplass i tillegg til eksisterande tilsette. Dette er viktig i Modalen, då kvar einaste nye arbeidsplass bidrar til at kommunen har eit aktivt næringsliv. Gjennom å sikre desse arbeidsplassane sikrar ein samstundes busetnadsgrunnlaget i kommunen – dette er ein ynskt utvikling.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket som vert søkt om er god forankra. Det heftar låg risiko for ikkje å nå målsetjinga for tiltaket. I vurderinga av søknadssum sett i forhold til sysselsetjingsgrad, er vurderinga at tiltaket kvalifiserer for kategori 2 – middels grad (jf. strategisk næringsplans) – inntil 35 % stønad. 35 % av totalsum tilsvrar kr. 317 000,-.

Konklusjon

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver kr. 317 000,- i tilskot til Mofjord maskin AS til utvikling og utvidelse. Tilskotet må nyttast i tråd med søknad.

Følgande vilkår gjeld for utbetaling:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg, og vert utbetalt på grunnlag av dokumenterte kostnadar.
2. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemder/tilskotgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som har gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.